

**S  
t  
o  
r  
k  
u  
r  
s**

# **Storkurs**

**28.-30. januar 2011 på  
Bø Hotell, Bø i Telemark**

**Bø**

**TELE SPRINGAR OG GANGAR**

**TEATER**

**HUSKURS**

**KVEDING**

**KONTRADANSAR**

**INSPIRASJONSKURS**

**HUSFLIDSKURS**

**28. - 30.**

**j  
a  
n  
u  
a  
r**



*Arr. Telemark Ungdomslag*

**2011**



## **VELKOMMEN TIL STORKURS 29.-30. JANUAR 2011 - BØ I TELEMARK**

Telemark ungdomslag arrangerer storkurs i Bø i Telemark for deltakarar frå Agderfylka, Rogaland og Telemark 29.-30. januar 2011. Det er med stor glede eg ønskjer deltakarane velkommen til kulturkommunen Bø!

Bø kommune satsar på gode oppvekstvilkår og trygge møteplassar. Vi legg vekt på å legge til rette for kunst og kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv for alle. Kulturhus, møteplassar og anlegg, - og variert, frodig natur dannar eit godt grunnlag for å vere aktiv heile året, noko som bidrar til trivsel og Det gode liv! Bø ungdomslag er eitt av bygdas mange frivillige lag, og i meir enn hundre år har det tradisjonsrike laget vore ein hjørnestein i det kulturelle arbeidet med barn og ungdom.

Vi håpar at helga i Bø vil by på gode opplevingar og minne de tar med vidare!

Venleg helsing  
Bø kommune  
Hilde K. Pedersen  
- kultursjef -



Telemark Ungdomslag har glede av å ønske velkomen til Storkurs på Bø hotell i hjarte av Telemark. Vi har sett saman ei kurshelg som vi håper vil falle i smak. Laurdagskvelden skal vi ha leikfest på Sandvin Ungdomshus i Bø og vi har fått Tusseleik frå Larvik til å spela. Dette er noko du ikkje må gå glipp av.

Vi ser fram til ei innhaldsrik helg i Bø og håper at akkurat DU melder deg på.

Hjarteleg velkomen til Storkurs.

Helsing frå  
styret i Telemark Ungdomslag  
Kari Lie  
- leiar -



**TELEMARK UNGDOMSLAG**

Bø ungdomslag er stifta i 1893, og har i alle år vore ein viktig aktør i det kulturelle livet i Bø kommune. Me er eigar av ungdomshuset Sandvin som er bygd i 1939 og som var kommunens storstue fram til 1994 då Gullbring kulturanlegg vart bygd.

Me har i alle år drive tradisjonell ungdomslagsaktivitet, dans, teater og barnearbeid. I dag er me fortsatt aktive i kulturlivet, og har mykje samarbeid med andre. Sammen med dei andre folkemusikk,- og danseorganisasjonan i kommunen arrangerer me kvart år kappleik, me samarbeider med den lokale musikkskulen om barneteater og det siste som har kome til er Bø swingklubb.

Som tidlegare nemnt er me eigar av hus, eit hus som vert bruka mykje til ulike aktivitetar. Me har mykje utleige til ulike bursdagsfeiringar, bryllup, julebord, etc. Utleige til bygdefolk skaper ein positiv holdning til ungdomslaget og mange har eit eigarforhold til Sandvin.

Lykke til med storkurs, håper de får eit flott helg i Bø og at det skapast minner for livet!

frå Kristin Ødegård Vestgarden

- leiar i Bø Ungdomslag -

The logo for Bø Ungdomslag is written in a decorative, cursive script. The word 'Bø' is on the left, and 'Ungdomslag' is on the right. A horizontal blue line runs through the middle of the text, passing behind the letters.

## PROGRAM

### FREDAG

18.00 -	Registrering
18.30 -	Mat
20.00-20.30	Velkommen til storkurs v/ Kari Lie
	Kulturinnslag
20.30-22.00	Kurs

### LAURDAG

07.00-09.00	Frukost
09.00-11.00	Kurs
11.00-11.30	Kaffipause
11.30-13.00	Kurs
13.00-14.00	Lunsj
14.00-15.30	Kurs
15.30-16.00	Kaffipause
16.00-17.00	Kurs
19.00	Leikfest m/middag på Sandvin

### SUNDAG

07.00-09.00	Frukost
09.00-12.30	Kurs
12.30-13.00	Kursevaluering
13.00-14.00	Lunsj

## HUSKURS

Lærer: Anders Slåttsveen, Norsk kulturbygg

Det vert halde 2 huskurs:

- ♦ **Huskurs 1, fredag til søndag: Ordinært huskurs i storkurset.**
- ♦ **Huskurs 2, laurdag: Utan overnatting. Spesielt for lag med hus i Telemark**

Laurdag vil være for det meste felles for dei 2 kursa, mens huskurset i storkurset kan jobbe med spesielle tema. (Huskurs 1 er naturlegvis og åpent for hus i Telemark)

Det har ikkje vore Huskurs i Telemark tidlegare. Det finnst nær 15 lagshus som er eigd av ungdomslag, tidlegare ungdomslag og andre lag. Dei er i varierende stand og bruk. Laga er og i varierende aktivitet. Vi har lyst til å invitere desse husa og laga til ein inspirasjons og informasjonsdag slik at dei får lyst til å starte på igjen med å få liv i både husa og laga.

Hus frå dei andre fylkeslaga og dei husa som driv godt i Telemark vil være viktig inspirasjon. Saman med Anders frå Norske kulturbygg vil vi få nyttig informasjon om drift av lagseigde hus.

Førebuing:

- ♦ Ta med foto av huset, husteikningar, romplan (gjerne på minnepenn)
- ♦ Sjekk byggeår og andre fakta om huset.
- ♦ Tenk over kva ein treng råd og vegleiing om.
- ♦ Fyll ut registrerings skjema for ungdomshus / lagsbruk som du finn på heimesida til Norske kulturbygg: <http://www.kulturbygget.no> (nyttig sjølv om du ikkje vil melde huset inn i Norske kultubygg)

## INSPIRASJONSKURS TEATER/ TEATERSMINKE

Lærer teatersminke: Barbro K. Iberg

Lærer inspirasjonskurs: Hans Jakob Sand

### **Teaterkurset er delt i to**

Fredagkveld og laurdag fram til lunsj: I bolken om teatersminke er det Barbro K. Iberg som er instruktør. Barbro har arbeidet med barneteater og teatersminke i Grenlandsområdet i mange år.

Etter lunsj på laurdagen og søndags føremiddag er det inspirasjonskurs. I det daglege arbeidet med teateraktivitet rundt om i lokallaga treng me alle påfyll. Hans Jakob Sand er instruktør.

## HUSFLIDSKURS

Lærer: Helga Fahret Bergland 35 94 84 54

### KORGKLEDE FRA TELEMARK

I det gamle bondesamfunnet var det vanleg å ha med seg sending (mat) når dei ble bedt i gjestebod. Dette gjalt om det var dåp, bryllup eller gravferd. Maten ble fraktet i ein sendingskorg med eit vakkert brodert korgklede. Kledet vart brodert på linstoff og var fulle av symboler som skulle beskytte og velsigne både folk og mat.

På Norsk Folkemuseum finnes det mange bevarte korgkleder spesielt frå Telemark, dei er frå slutten av 1600-tallet og gjekk ut av bruk på slutten av 1800-talet.

Broderiteknikkane er korssting, holbeinsting, klostersonm og smøyg.

Førebuing:

Deltagere på kurs bør ha med seg LUPELAMPE, saks, butte nåler, DMC moulinegarn i fargene: rødt, blått, grønt og gult.

Linstoff og mønster har kursleder.



## KVEDING

Lærer: Agnes Buen Garnås

Agnes Buen Garnås, er 64 år og har ein allsidig karriere bak seg som kvedar, medredaktør av visebøker, pedagog, instruktør, pådrivar og inspirator innan kvedartradisjonen.

Agnes er ein stor inspirasjonskilde for unge og gamle her i Bø og legg ned mykje arbeid for kulturlivet i kommunen.

Tema på storkurset vil i hovudsak vera Draumkvedet. Agnes fortel om korleis Draumkvedet har vore nytta i heim og konsertsalar. I tillegg til Draumkvedet vil kurset ha gamlestev og slåttestev som tema.



Kurset i Kveding startar opp laurdag etter frukost.

## INSPIRASJONSKURS DANS (turdans)

Lærer: Trine Merete Sjølyst

Spelmann: Benjamin Kehler

Trine Merete Sjølyst kjem frå Larvik. Ho er utdanna teater- og folkedanspedagog og har god erfaring med instruksjon i dans og teater for barn og unge. Trine Merete er frilanser, men jobber i dag som prosjektleiar i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) og i Den mangfaldige scenen, eit samarbeid mellom BUL, Noregs Ungdomslag og Det Norske Teatret om etableringa av eit nytt barne- og ungdomsteater i Oslo.

Trine held inspirasjonskurs for instruktører på Storkurset. Dette er eit morosamt kurs med mykje dansetrening, leik med rytmer, sang og dramaøvelsar. De vil også få tips til korleis ein kan bygge opp eit undervisningsopplegg og utveksle erfaringar. Kurset fokuserer på presentasjon og leiing. Instruktørane vil jobbe med ulike undervisningsopplegg i grupper og me prøvar ut nye innfallsvinklar til dansen.

## TELESPRINGAR OG TELEGANGAR

Instruktør: Rønnaug Larsen

Spelmann: Johannes Sundsvalen

Har du lyst til å lære springar og gangar frå Telemark? Nå har du muligheten. Rønnaug er ei mykje bruka instruktør i bygdedans, og har eit brennande engasjement for springar og gangar. Kurset er i hovedsak for dei som ikkje har dansa desse dansane før, men også dei som har litt grunnlag vil ha utbytte.

## KONTRADANSAR

Lærer: Knut Ole Sjølyst

Spelmann: Benjamin Kehler

Knut Ole Sjølyst (65) kjem frå Larvik og er ein erfaren folkedanser. Han har vore aktiv i Haugtussa Leikarring (Larvik) i over 40 år.

Han er utdanna folkedansinstruktør via NU's instruktørutdanning og har i mange år vore leikarringens instruktør. I tillegg har han holdt ei rekke kurs av ulike slag både lokalt og regionalt. Ved sida av opplevinga med å danse folkedans, er han oppteken av det visuelle, korleis ein formidlar dansen til omverda/publikum.

Har dei siste årene arbeidet mykje med framsyningsprogrammer.



**TA MED GODE DANSESKO!**

## PRAKTISK INFORMASJON

Kurs, servering og overnatting er på Bø Hotell. Bø Hotell ligg i sentrum av Bø, i tilknytning til Gullbring Kulturanlegg og Høgskolen i Telemark, Bø.

- ♦ Kursavgift: 1000,- medl. / 1100,- ikkje medl.
- ♦ Kursavgift, huskurs 2: 500,- medl. / 600,- ikkje medl.
- ♦ Overnatting i dobbelt rom: 1785,-
- ♦ Overnatting i enkelt rom: 2365,-

(Prisen for overnatting inkluderer alle måltider og leikfest på laurdagskvelden).

- ♦ For dei som vil på kurs og ikkje treng overnatting, ta kontakt med Knut Olsen og han gir deg ein pris.

- ♦ Påmelding skjer via epost til: [knutols2@online.no](mailto:knutols2@online.no)
- ♦ Eller fyll ut skjema som du finn på nest siste side.
- ♦ Betaling til knt. nr. 2630 07 06885

Om du nyttar epost hugs å skrive på namn, lokallag, kva for kurs du melder deg på og kven du vil bu på rom samen med. Hotellet kan tilby både to,- og tremanns rom.

For å kome til Bø kan du både ta buss og tog. Sørlandsbanen har stoppestad i Bø og korrespondansen med buss er god.

### Styret i Telemark Ungdomslag:

Kari Lie (leiar)	903 61779	<a href="mailto:kari.lie@sthf.no">kari.lie@sthf.no</a>
Kristin Ødegård Vestgarden (skrivar)	975 63825	<a href="mailto:kristin.o.vestgarden@hit.no">kristin.o.vestgarden@hit.no</a>
Knut Olsen (kasserar)	922 89648	<a href="mailto:knutols2@online.no">knutols2@online.no</a>
Grete Eriksrød (styremedlem)	957 83179	<a href="mailto:geriksro@online.no">geriksro@online.no</a>
Lars Tore Lien (styremedlem)	958 29572	<a href="mailto:larstorelien@dcpost.no">larstorelien@dcpost.no</a>

**Søknadsskjema**  
**Storkurs, Bø hotell 28.-30. januar 2011**

Namn: ..... Telefon priv:.....

Adresse: ..... Mobil: .....

Lokallag: ..... Fylkeslag: .....

E-postadresse .....

**Melder meg på:**

- Huskurs v/ Anders Slåttsveen
- Telespringar og gangar v/ Rønnaug Larsen
- Kontradansar v/Knut Ole Sølyst
- Inspirasjonskurs v/Trine Merete Sølyst
- Kveding v/Agnes Buen Garnaa
- Bunadskurs v/Helga Farhet Bergland
- Teaterinprovisasjon/teatersminke v/Hans Jakob Sand og Barbro K. Iberg

Kursavgift og overnatting betalast til konto      **2630 07 06882 innan 31.12.1910**

Kursavgift: 1000,- / 1100,- (medl./ikkje medl.)

Huskurs: 500,- / 600,- (medl./ikkje medl.)

Overnatting Bø Hotell:     enkeltrom 2365,-

dobbelrom 1785,-

Ønsker å bu sammen med:.....

Stad: ..... Dato: .....

Underskrift: .....

**Søknadsfrist: 17.12.10**

Sendast Knut Olsen, Stubben 9, 3925 Porsgrunn  
epost: knutols2@online.no

**LEIKFEST PÅ SANDVIN  
LAURDAG 29. JANUAR KL 19.00**



På laurdagskveld kl. 19.00 inviterar me til leikfest på Sandvin ungdomshus. Tusselåt står for musikken og bevertninga står Bø Ungdomslag for.

Sandvin ligg ein frisk gåtur frå hotellet, eller om du vil ta bilen er det god parkeringsplass